



Statens vegvesen

Byggmester Solberg AS
Kleiveland
5281 VALESTRANDSFOSEN

Andreas Tveiten

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/56055-3

Dykkar referanse:


Vår dato:
18.05.2017

Uttale – Dispensasjon reguleringsplan – Byggjegnelse – Fv. 362 – Gnr. 13 bnr. 20 – Osterøy kommune

Statens vegvesen syner brev mottatt 19.04.2017.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om dispensasjon frå byggjegnelse langs veg for å oppføre garasje. Arealet ligg på eigedom gnr. 13 bnr. 26 som er matrikulert på Statens vegvesen. Det er pågåande forhandlingar med vår eigedomsavdeling for å overdra arealet. Det er og søkt om takoverbygg til bustadhuset på bnr. 20.



Figur: Tiltaket er regulert gjennom «Reguleringsendring Lonevåg sentrum» (2009). Plassering av garasje er markert med blå tusj.

Tiltaket ligg innanfor eit område som er regulert gjennom «Reguleringsendring Lonevåg sentrum» (2009). Denne planen omfattar kommunal veg og kryss mot fylkesveg og dei mest

Postadresse
Statens vegvesen

Telefon: 02030

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Org.nr: 971032081

nærliggande areal. Denne planen byggjer igjen på ein eldre reguleringsplan for Lonevåg sentrum frå 1997. Tiltaket ligg i tilknytning til opparbeida kryss mellom kommunal veg *Lonaneset* og fylkesveg 362 i Lonevåg sentrum. I reguleringsplanen er arealet avsett til kombinert føremål annan offentleg veggrunn / bustad.

Opplysning om saksgang:

Området er regulert gjennom godkjent reguleringsplan. Der er difor Osterøy kommune som er rett planmynde og avgjer dispensasjon frå godkjent plan. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde. Vi har og klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ei uttale til saka, som du kan legge ved din søknad til Osterøy kommune.

Uttale til dispensasjon etter plan og bygningslova:

Byggjegransa skal ta i vare omsynet til trafikktrygging, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved utviding av vegen og miljøet langs vegen.

Det er søkt om å oppføre garasje med næraste bygningsdel 11 meter frå vegmidte på fylkesveg. Tiltaket ligg om lag 7 meter frå vegmidte på kommunal veg.

I reguleringsplanen er det ikkje synt byggjegrænse mot veg, men det er eigen føresegn jf. §2.6 som seier *Der det ikkje er vist byggjegrænser, gjeld områdegrensene tilsvarande*. Det kan sjå ut til at denne føresegna er henta frå den eldre planen for Lonevåg sentrum, men det kjem ikkje fram kva som er meint med omgrepet *områdegrense*. I den eldre planen kan det sjå ut til at det også synt byggjegrænse langs veg i plankartet. Tiltaket ligg i eit kryss mellom to offentlege vegar, noko som normalt skjerpar utstrekning av byggjegransa.

Statens vegvesen stiller spørsmål med korleis byggjegransene som er fastsett i reguleringsplan skal tolkast i dette tilfellet, og særleg kva som er meint med *områdegrense*.

Vi er kjent med at det er fleire pågåande planarbeid for området. Det skal meldast oppstart av områdeplan for Lonevåg sentrum, som mellom anna skal ha fokus på trafikktryggleik og tilbod til mjuke trafikantar. Vi meiner det er viktig at det ikkje vert opna av tiltak som kan vere til hinder som heilskapleg planlegging av området.

Vi har ikkje merknad til den del av søknad som gjeld takoverbygg. Vi er samstundes kritisk til oppføring av garasje for nære fylkesveg og vegkryss.

Vidare saksgang:

Søknad om dispensasjon frå byggjegrænse langs veg skal sendast til Osterøy kommune. Osterøy kommune må her ta stilling til korleis byggjegransene fastsett i reguleringsplan skal tolkast. Ein må vidare vurdere trafikktryggleiken på staden og framtidige planar for området.

Statens vegvesen ber om å få sendt over vedtak frå Osterøy kommune for klagevurdering.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Osterøy kommune, 5282 LONEVÅG